

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnr
Ungdomsrådet	08.09.2026	031/26
Formannskapet	25.08.2026	063/26
Råd for personar med funksjonsnedsetjing	09.09.2026	032/26
Eldrerådet	10.09.2026	033/26
Levekårsutvalet		
Plan- og miljøutvalet		
Kommunestyret		

Møteplan 2027 for råd og utval i Øygarden kommune

Kort om saka

Møteplan for råd, utval og nemnder i 2027 vert lagd fram til behandling. Møteplanen ligg vedlagt.

For å sikra god og føreseieleg planlegging vert møteplanen fastsett for eitt år om gongen.

Dersom utvala har merknader til framlegget til møtedatoar for sine møte, må eventuelle endringar vurderast opp mot møterekkefølga og møtetidspunkta til andre råd og utval.

Dokument vedlagt saka

Tittel
Møteplan 2027 - Råd og utval i Øygarden kommune

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Kommunestyret vedtek møteplan 2027 for råd og utval slik den ligg føre.
2. Leiarar i råd og utval kan i samråd med administrasjonen gjera mindre endringar i møteplanen ved behov.

Saksopplysningar

I denne saka legg kommunedirektøren fram framlegg til møteplan for 2027 for råd og utval. Forslag til møteplan ligg vedlagt. For å sikra god og føreseieleg planlegging vert møteplanen lagt for eitt år om gongen.

Talet på møte er sett opp på grunnlag av erfaringar frå tidlegare år, saksmengd, sakstypar og saksflyt i dei ulike råda og utvala.

Dersom eit råd eller utval har merknader til dei føreslåtte møtedatoane, må vi vurdere endringar opp mot møteplanen og rekkjefølgja på møta i dei aktuelle utvala.

Utval og forkortingar

Forkorting	Utval
UR	Ungdomsrådet
RFF	Råd for personar med funksjonsnedsetjing
ER	Eldrerådet
KDU	Koordineringsutvalet
KU	Kontrollutvalet
AMU	Arbeidsmiljøutvalet
ADMU	Administrasjonsutvalet
VAS	Valstyret
VAL	Valutvalet
LKU	Levekårsutvalet
PMU	Plan- og miljøutvalet
KPU	Kommuneplanutvalet
FS	Formannskapet
KS	Kommunestyret

Rekkefølgja for behandling av saker og oppsett på møte

Det er mange omsyn å ta når ein legg møteplan for eit år om gongen.

Noko av det viktigaste er at utvala har møte i ein spesiell rekkefølgje som er slik:

Rekkefølgje	Merknad
1. Dei tre kommunale råda UR, RFF, ER	Innspel i aktuelle saker

2. Koordineringsutvalet	Møte vert halde om lag kvar 14. dag, eller når det er politiske møte som krev koordinering i etterkant. møte i etterkant
3. Møte i AMU før ADMU	Slik at arbeidsmiljømessige konsekvensar og innspel frå partane kan inngå i administrasjonsutvalet sitt beslutningsgrunnlag.
4. Dei tre hovudutvala PMU, LKU, KPU	Innstiller til formannskap og/eller kommunestyre
5. Formannskapet nest sist	Innstiller til kommunestyret
6. Kommunestyret til slutt	

Kommuneval og politisk organisering i ny kommunestyreperiode 2027–2031

Det er kommunestyre- og fylkestingsval i 2027. Det vil difor ikkje vera politiske møte i september, slik normalt er.

Det konstituerande kommunestyremøtet vert 21. oktober 2027.

Det er lagt opp til 2 dagar med folkevaldopplæring veka etter. Dei neste to dagane med folkevaldopplæring er planlagt 12. og 13. januar 2028.

Det vert fellesopplæring for råda 24. januar 2028.

Etter planen skal kommunestyret vedta arealdelen til kommuneplanen i juni 2027. Det ser derfor ikkje ut til å vera behov for eit eige kommuneplanutval etter valet hausten 2027.

Den politiske organiseringa for kommunestyreperioden 2027–2031 er enno ikkje avklart. Det kan difor bli naudsynt å gjera endringar i møteplanen dersom den politiske organiseringa vert annleis enn det som ligg til grunn i denne planen.

Andre omsyn

Utval/tema	Merknad
FS i same veke som KS	I arbeidet med møteplanen for 2026 vart det uttrykt ønskje om færre gruppemøte. På bakgrunn av dette vart formannskapsmøta i hovudsak lagde til same veke som kommunestyremøta. Ordninga har fungert godt og vert difor vidareført i 2027.
Helst ikkje fleire møte same dag	Av omsyn til administrativ ressursbruk og tilgang på møterom er det lagt opp til at det så langt som mogleg ikkje skal haldast fleire politiske møte same dag. Det er nokre få unntak frå dette prinsippet. I slike tilfelle er møta som hovudregel lagde til ulike tidspunkt, slik at dei ikkje går parallelt.

KPU	Møteplanen er vedteke tidlegare i eiga sak
Valstyret	Møte vert halde same dag som formannskapet.
Valutvalet	Møte vert halde dersom det skal veljast nye representantar til råd eller utval. Det vert kalla inn til ekstra møte ved behov.
Kontroll-utvalet	Kontrollutvalet behandlar møteplanen i eiga sak, då utvalet har eige sekretariat. Vedtekne møtedatoar vert lagde inn i den samla møteplanen i etterkant.
Budsjett-prosess	Som følgje av kommunevalet vert det ikkje halde budsjettsamling for formannskapet i september. Ut over dette vert budsjettprosessen gjennomført på same måte som i 2026.
Møta i fylkestinget	Sidan fleire av kommunestyret sine medlemmer også har verv i fylkestinget, har det så langt som råd vore lagt vekt på å unngå møtesamanfall mellom fylkestinget og kommunestyret. Dette omsynet er teke inn i møteplanen, med eitt unntak, 18. mars 2027.

Ikkje poltiske møte på skulen sine fridagar

Det er lagt opp til at ein ikkje har møte på skulen sine fridagar slik:

Fridagar	2027 - Datoar
Skulefri	2. januar
Planleggingsdag/elevfri	29. januar
Vinterferie i veke 9	1. mars - 5. mars
Påskeferie	22. mars – 29. mars (2. påskedag)
Elevfri	7. mai
Sommarferie	18. juni (siste skuledag 17. juni)
Haustferie i veke 41	11. oktober – 17. oktober
Juleferie	21. desember - 2. januar (2028)

Skuleruta for 2027/2028 er førebels ikkje fastsett. Det kan difor koma elevfrie dagar mellom haustferien og juleferien som ikkje er innarbeidde i møteplanen. Med utgangspunkt i skulerutene frå tidlegare år har dette vanlegvis vore ein planleggingsdag på ein fredag i november. Sidan det ikkje er lagt opp til politiske møte på fredagar, vil dette ikkje få konsekvensar for møteplanen.

Møte der det ikkje er aktuelle saker

Dersom det ikkje er saker til behandling, eller det berre er få saker som kan utsetjast til neste møte, kan møtet avlysast i samråd med utvalsleiaren.

Møteplan

For møtedagar og tidspunkt blir det vist til vedlagde møteplan.

Møterom

Rådhuset på Straume skal seljast, og administrasjonen skal flyttast innan andre kvartal 2027. Den politiske verksemda vil difor bli flytta til kommunedelsenteret på Rong.

Kommunestyret har bedt kommunedirektøren leggja til rette for at råda kan halda møta sine i kommunen sine lokale på Straume.

Økonomiske konsekvensar

Politisk møteverksemd medfører kostnader mellom anna til bevertning, møtegodtgjersle, reise til og frå møte, og eventuell godtgjersle for tapt arbeidsforteneste.

Desse forholda er regulerte i [Forskrift om folkevalde sine rettar til godtgjersle og velferdsgode](#)

Vurdering og konklusjon

Møteplanen er sett opp ut frå ein fast møtestruktur der saksgangen mellom råda, utvala, formannskapet og kommunestyret er vektlagt.

Dersom utvala har merknader til framlegget til møtedatoar, må eventuelle endringar vurderast opp mot møterekkefølga og møteplanane til dei andre politiske organa.

Dersom det oppstår saker som ikkje kan venta til ordinært møte, vil det bli kalla inn til ekstra møte ved behov.

Dersom det ikkje er saker til behandling, eller det berre er få saker som kan utsetjast til neste møte, kan møtet avlysast i samråd med utvalsleiaren.

Formannskapet 25.08.2026:

Tilleggsforslag - nytt punkt 3 - Andreas Kallekleiv Høgre

Det vert lagt til rette for mogleg ekstra møte i kommunestyret i desember.

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren og tilleggsforslaget frå Andreas Kallekleiv (H) vart samrøystes tilrådd.

Vedtak i Formannskapet - 25.08.2026 - 063/26

Formannskapet har slik tilråding i saka:

1. Kommunestyret vedtek møteplan 2027 for råd og utval slik den ligg føre.
2. Leiarar i råd og utval kan i samråd med administrasjonen gjera mindre endringar i møteplanen ved behov.
3. Kommunestyret kan halda eit ekstra møte 8. desember 2027 i samband med budsjettmøtet, dersom det vert nødvendig.